



Teorier om kva slags lilla busk som står utanfor Rosehuset på Ytre Eik og er ein pryd for staden frå svært tidleg om våren har vore fleire og no kjem ein ny variant: Esther Mørstad hevdar bestemt at det er ein asalia.

- Kall han gjerne ein rhododendron asalia, for han høyrer til den familien, seier Esther, som hadde nært samband med tidlegare eigarar av huset.

Ho opplyser at det vart bygd for rundt rekna 50 år sidan og at busken truleg vart planta stutt tid etterpå.

Tidlegare lanserte teoriar om kva slags busk det er er desse:

- * Peppertre
- * Magnolia
- * Japansk kirsebærtre

Men kven kan gi oss det endelege og garanterte korrekte svaret?

(Foto: Ola Matti Mathisen)

Etter at dette var lagt ut, fekk vi dette frå Eli Roseth Eik:

Eg hugsar at mor mi, Selma Roseth, sa at busken til Laura

Landa var ein mandelbusk. Manna hadde same sorten, men den fraus diverre og gjekk heilt ut